

ÅRSPLAN
FELLE BARNEHAGE
BARNEHAGEÅRET 2025-2026



Innhold

Velkommen til Felle barnehage	3
Pedagogisk grunnsyn	4
Satsingsområde	5
Hovudmål for barnehagane i Nissedal kommune	6
Delmål.....	7
Circle of security / Tryggleiksirkel	8
Lokal oppvekstplan	9
Nissedal kommune –	10
ein trafikksikker kommune:	10
Når nye barn begynner Felle barnehage.....	11
Overgang barnehage og skule	11
Samarbeid mellom heimen og barnehagen	12
Barnehagen skal fremje læring.....	13
Barnehagen skal fremje danning	13
Progresjon	14
Barns medverknad.....	14
Evalueringsarbeid.....	15
Litteraturliste:.....	16

Velkommen til Felle barnehage

"Rammeplanen for barnehagens innhold og oppgåver" er retningsgjevande for alle barnehagane i Norge og er barnehagens styringsdokument.

Med utgangspunkt i Rammeplanen skal vi kvart år utarbeide en årsplan som konkretiserer arbeidet i vår barnehage.

Årsplanen skal være

Ein arbeidsreiskap for personalet og styre verksemda i ein bevisst og uttala retning

Eit utgangspunkt for foreldra til å kunne påverke innhaldet i barnehagen

Grunnlag for kommunens tilsyn med barnehagen

Informasjon ut om barnehagens pedagogiske arbeid

Årsplanen er fastsett av samarbeidsutvalet (SU).

Desse er med i SU:

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ . SU består av foreldre og tilsette i barnehagen. SU skal få inn saker som er viktige for innhaldet i og verksemda til barnehagen og for forholdet til foreldra. SU skal fastsetje årsplanen til barnehagen.

Foreldrerepresentant: Caroline Sandåker 1 år (Vara: Lena Hansen)

Personalrepresentant: Aud Synnøve Skårdal 1 år (Vara: Kjersti Hege Mykland)

Eigar er representert gjennom styrar som fungerer som sekretær for utvalet

Foreldrerådet

Foreldrerådet består av alle foreldra i barnehagen. Der kan ein diskutere og melde inn saker som dykk meiner er viktige, dette kan SU bringe vidare til barnehagen.

Pedagogisk grunnsyn

«Det viktigaste er å få leike»

Denne haldninga skal prege tankane våre både i planleggingsarbeid og når vi er saman med barna i kvardagen

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Alle barn skal bli invitert med i leik. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen ska bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik- åleine og saman med andre.

For å ivareta ta dette må personale:

Organisere tid og rom og ha tilgjengeleg ulike typar leikemateriell

Vere med på å gje barna felles erfaringar slik at dei får eit grunnlag som gjer at dei kan delta i leik med kvarandre

Hjelpe, rettleie og støtte barn som treng det i leiken

Være aktive og deltakande i leiken, vere bevisst si eiga rolle

Ta initiativ og sette i gong leik slik at alle aktiv får bidra og vere med i leiken



Satsingsområde

Livsmeistring og helse

«Livsmestring handler om å imøtekomme barns behov for lek, trygghet og mestring i hverdagen. De gode erfaringene barn gjør i møte med andre barn og sensitive ansatte vil bidra til at robusthet, trygghet og motstandsdyktighet vil øke»

- *Drugli & Lekhal*

I Rammeplanen for barnehager er *Livsmestring og helse* blitt en del av barnehagens verdigrunnlag (Kunnskapsdepartementet, 2017).

Rammeplanen beskriver at livsmeistring handler om:

- fysisk helse
- psykisk helse
- bidra til barns trivsel, livsglede, mestring og kjensle av egenverd
- førebygge krenkelsar og mobbing

Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler.

(Rammeplanen (2017). S. 11).

Vårt hovudmål og våre delmål er forankra i satsingsområdet

«Livsmeistring og helse».

Hovudmål for barnehagane i Nissedal kommune

Lyttande, leikande, levande – i lag!

I vår barnehage ønsker vi å vere ein stad der barn får vere seg sjølve – saman med andre. Gjennom året arbeider vi for å vere lyttande, leikande og levande i lag. Dei vaksne skal lytte til barna og hjelpe dei til å lytte til kvarandre, slik at alle blir høyrd og forstått. På denne måten vil dei lære seg å vise omsorg og respekt for kvarandre sine tankar og kjensler. Leiken er barn sin viktigaste måte å lære og utvikle seg på. Som vaksen skal vi legge til rette for eit godt leikemiljø som gir rom for fantasi, samarbeid og glede. I leik brukar barna språket aktivt og det bidrar til god språkleg og sosial læring. Vi ønsker å vere ein barnehage full av liv, undring og engasjement. Barna skal kjenne på meistring, glede og tryggleik i seg sjølv og i fellesskapet. Vi bruker språket aktivt for å sette ord på opplevingar, kjensler og tankar.

I barnehagen skal barna lære å vere ein del av eit fellesskap, der alle har ein plass og blir tekne på alvor. Vi vaksne skal samarbeide med kvarandre og med heimen for å støtte barna i å utvikle seg til å bli trygge og robuste menneske i møte med dei ulike fellesskapa dei skal ta del i vidare i livet.

Rammeplanen seier dette om leik (s.20):

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre.»

Delmål

For å oppnå hovudmålet ønsker vi i Felle barnehage å ha følgende delmål:

Vil vil legge til rette for eit trygt og godt fellesskap.

- Fokus på sosial og emosjonell kompetanse
- Felles og aldersinndelte aktivitetar og tur dagar
- Leikemiljø som fremmer leik og glede

Rammeplanen seier dette om fellesskap og vennskap (s. 22-23):

«Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensle til barna skal støttast, samtidig som barn får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov.»

Legge til rette for eit aktivt språkmiljø

- «Grep om begreper»
- Vi vil jobbe med eventyrformidling
- Finne ulike songar, rim og regler
- Vi vil lese bøker
- Vaksne skal vere gode språklege forbilete i leik og kvardagssituasjonar

Rammeplanen seier dette om kommunikasjon og språk (s. 23):

«Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og heilskapleg språkutvikling.»

Circle of security / Tryggleiksirkel

Tryggleiksirkelen gir gode føringar for kva barnet treng av oss.

Me må arbeide for å vere ein " trygg base» som støyr barnet i si utforskartrang, leik og nysgjerrigheit og som igjen fungerer som ein «trygg base» som barnet kjem bort til for å få støtte i dette.


Gjennom barnehageåret skal vi bruke tryggleiksirkelen, ha det som ein grunnleggande arbeidsmåte i møte med barna.

COSP / Circle of security –Parenting

I Nissedal kommune har me 3 sertifiserte COSP rettleiarar. Alle foreldre kan få tilbod om COSP ved behov. Men det er innført at alle føresette med barn som er 2, eller fyller 2 år skal få tilbod om rettleiing det året.

Cosp er eit kurs som kan gje verktøy til å forstå betre kva for behov barn har, kva for signal dei gir og kva vi kan gjere for å møte desse behova betre. Målet er at barnet og foreldre skal få hjelp til å kjenne seg trygg og på den måten stå meir robust i å møte utfordringar i livet. Kurset skal også bidra til eenda betre samspel og relasjon mellom foreldre og barn.

Trygghetssirkelen hjelper oss til å sjå kva kvart enkelt barn trenger.



Lokal oppvekstplan

19.juni 2025 blei «Lokal oppvekstplan for Nissedal kommune» einstemmig vedtatt i kommunestyre. *«Formålet med planen er å konkretisere dei tiltaka som er naudsynte for å lage eit oppvekstmiljø og eit tenestetilbod som er så godt at alle barn og unge i Nissedal vil oppleve å meistre livet så godt som mogleg, ut ifrå dei føresetnadane dei har.»* (Lokal oppvekstplan, s.4) Arbeidet med den lokale oppvekstplanen har teke til då dei 6 Vest-Telemark kommunane saman har laga ein felles oppvekstplan som skildrar felles utfordringar som er aktuelle innan samhandling, førebygging og tidleg innsats. Den planen heiter «Vegen til livsmeistring».

I planen finn du konkrete tiltak som dei ulike instansane i kommunen har. Du finner planen på Nissedal kommune sine heimesider viss du søkar på «lokal oppvekstplan».

Hjernevennleg oppvekst

I Nissedal kommune har det over tid vore jobba med forståing av nevrosekvensiell metode. Dette er ein modell som skal hjelpe oss å forstå og hjelpe utviklingstraumatiserte barn og unge, i barnehage, på skulen og på andre arenaer. Metoden er utvikla av Dr. Bruce Perry, psykiater og forskar. Ordet *nevrosekvensiell* visar til at hjernen blir utvikla nedanifrå og opp. Når heile laget kring barnet har ei felles forståing av barnas reaksjonsmønstre og kan møte dette på ein støttande måte vil ein kunne sjå positive utfall som:

- Nedgang i utagering i barnehage og skule.
- Betring av sosial og emosjonell fungering hos barn og unge.
- Nedgang i sjukefråvær hos dei tilsette.
- Mindre elevfråvær i skulen – og vidare.

NUSSA

Detta barnehageåret skal nokre av dei tilsette bli kursa i NUSSA. NUSSA er eit program som skal styrke barnas sjølvkjensle og sosiale utvikling gjennom strukturert og vaksenstyrt leik. Her skal vi ta omsyn til barnas utviklingsnivå, og bygge opp samlinga deretter. Dette er ein måte å trene på sjølvregulering og ikkje minst å kunne styrke barns sjølvinnstikk og bli meir robuste.

Nissedal kommune – ein trafikksikker kommune:

Nissedal har i året 2025 blitt resertifisert som trafikksikker kommune.

Nissedal kommune fekk i 2015, som den fyrste kommunen i landet, status som «trafikksikker kommune». Ei slik godkjenning er eit kvalitetsstempel for godt arbeid rundt trafikksikkerheit i kommunen. Trafikkopplæring skal vere ein del av det pedagogiske arbeidet i barnehagen, og personalet skal vere medviten i si rolle knytt til tema. Det er utarbeida retningslinjer på korleis vi kan unngå ulykker i HMS arbeidet vårt. I samanheng med dette ynskjer vi eit nært samarbeid med foreldra i barnehagen.



Me ynskjer at foreldre og andre som hentar barna er:

Medviten på å vere ein god rollemodell for barna

At dei sikrar barna forskriftsmessig i bilen

At barna alltid går saman med foreldre på parkeringsplassen

At porten til barnehagen alltid er stengt

At bilen ikkje går på tomgang utanfor barnehagen

Når nye barn begynner Felle barnehage

Når barnet skal begynne i barnehagen er det ofte ei omstilling for både foreldre og barn. Viktige nøkkelord er tryggleik, trivsel og gradvis tilvenning. Gi barnet den tida det treng for å finne seg til rette. Det er veldig ulikt korleis barn tilpassar seg sin nye kvardag. Barnehagen skal saman med foreldrene legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Før barnet begynner i barnehagen har heimen og barnehagen ein oppstartsamtale, der ein utvekslar informasjon for å bli kjent.

Overgang barnehage og skule

Nissedal kommune har ein plan for arbeidet med barns overgang frå barnehage til skule – «Plan for overgangar». Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for barnet skal få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og skulefritidsordning.

SAMHANDLINGSPLIKT

Etter velferdstjenesteloven har me i barnehagen samhandlings-plikt med andre instansar. Me er lovpålagt å jobbe tverrfagleg og samhandle med andre, til barns beste, dersom det er behov.

Målet er : Trygg og god skulestart

Planen skisserar diverse aktivitetar for dei som går det siste året i barnehagen, m. a : førskulegruppe i barnehagen, besøk på skulen, turar og aktivitetar saman med dei andre barnehagane og 1.kl og førskuledagar.

Vi har førskulegruppe for dei barna som går siste år i barnehagen. Dei aktuelle heimane får tilsendte skriv om 5-årsklubben, med informasjon om mål og innhald.

Samarbeid med andre instansar

Eksempel på instansar barnehagen samarbeider med er mellom anna:

Helsestasjonen

PPT (pedagogisk-psykologisk-teneste)

Barnevernstenesta

Samarbeid mellom heimen og barnehagen

”Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1. Nemningane ”heimen” og ”foreldra ” omfattar og andre føresette. ”Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, jf. barnehagelova § 1 og § 4.

Barnets beste skal alltid vere målet for samarbeid mellom heim og barnehage. Saman har vi eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. Foreldresamarbeid skal skje både på gruppenivå og individnivå. To gonger i året er det foreldremøte. Barnehage og heimen har to gonger i året foreldresamtale omkring det enkelte barnet der ein kan utveksle observasjonar og vurderingar knytt til barnet sin helse, trivsel, erfaringar, utvikling og læring. Det skal vere jamleg kontakt om det enkelte barnet. I Felle barnehage har me eit fokus på dagleg kontakt med føresette, også ved henting og levering av barna. Dette er ein viktig arena og møteplass foreldre og tilsette.

«Alle med» observasjons skjema»

Barnehagane i Nissedal kommune nyttar seg av observasjons skjemaet «Alle med» i forkant av foreldresamtalar. Dette skjemaet byggjer på eit bredt læringsssyn og tek utgangspunkt i kva barna meistrar. Skjemaet gir eit heilskapleg bilde av barnet sin utvikling og gir også barnehagen høve for å betre kunne legge til rette dersom ein ser at nokon barn har utviklingsmoglegheiter på ulike utviklingsområde. Det er viktig at dei vaksne som observerar barna har kunnskap om kva som er aldersadekvat utvikling og «det kompetente blikk»-, ulike opplevingar kan gi ulike tolkingar når vi observerer. For at vi skal kunne bruke «Alle med» må dykk samtykke inne i VISMA-appen.

Barnehagen skal fremje læring

Barn i Felle barnehage skal oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Når personale planlegg læringsprosessane skal dei bruke barna sin nysgjerrigheit og vitelyst som grunnlag for planlegginga. Barna skal få bruke heile kroppen sin og alle sansar i læringsprosessen. Dei skal delta i eit læringsfellesskap saman med andre der dei kan få bidra i si eigen og andre sin læring

For å ivareta ta dette må personale:

- Sørgje for eit inkluderande fellesskap og leggje til rette for at barn kan bidra i eiga og andre si læring
- Leggje til rette for heilskaplege læringsprosessar som fremjar trivsel og allsidig utvikling hos barna
- Støtte barnas erfaringar og sørgje for progresjon og utvikling i innhaldet i barnehagen
- Sørgje for at alle barn kan få rike og varierte opplevingar og erfaringar, utfordringar og meistringsopplevingar
- Vere merksame på interessene og engasjementet til barna og leggje til rette for læring i ulike situasjonar og aktivitetar
- Støtte og bidra til barnas initiativ, undring, nysgjerrigheit, kreativitet, læringslyst og tiltru til eigne evner

Barnehagen skal fremje danning

I barnehagen skal barna få delta i avgjerdsprosessar og vere med på å utvikle felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykkje synspunkt og skape meining i den verda dei er ein del av. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen vere med på å sørgje for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar.

For å ivareta ta dette må personale:

- Leggje til rett for meningsfylte opplevingar og støtte den positive sjølvforståinga til det enkelte barnet
- Støtte barna sin aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet
- Synleggjere og verdsetje ulike behov
- Legge merke til og anerkjenne og følge opp barna sine perspektiv og handlingar
- Invitere barn inn utforskande samtalar og utfordre deira tenking
- Framheve mangfald og ulikskap, synleggjere og gje barna eit grunnlag for opplevingar, utforsking og læring .

Progresjon

Alle barn skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får variert høve til leik, aktivitetar og læring.

Gode prinsipp frå Trygghetssirkelen er ein god rettesnor for korleis personale kan arbeide og leggje til rette for det enkelte barnet og fellesskapet

Eittåringen " La meg vere tett innpå, gje meg ei trygg hamn"

Frå 1-2 år: "Forstå meg og støtt meg i ulike kjensler"

Frå 2-3 år: " Hjelp meg i leiken"

Frå 3-6 år: " Fortell meg historier, la meg lære meg nye ting og leike med dei andre barna, men ver der når eg treng deg

For å ivareta ta dette må personale:

- Følge opp og utvide det barna alt er opptekne av
- Og legge til rette for progresjon i barnehageinnhaldet for alle barn
- Nye perspektiv og legge til rette for nye opplevingar og erfaringar
- Sørge for progresjon gjennom bevisst bruk av materiale, bøker, leiker, verktøy og utstyr—og gjere desse tilgjengelege for barna

Barns medverknad

"Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barns skal jevnlig får mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet."

(Barnehagelova §3 Barns rett til medverknad)

Dei tilsette i Felle barnehage er genuint opptatt av kva som interesserer barna, og legger derfor til rette for leik og aktivitetar etter barnas interesser og behov. Innkjøp til leikemiljø, val av bøkar, og det me tilbyr i barnehagen er på grunnlag av det med veit barna er opptatt av.

Evalueringsarbeid

Vi har avdelingsmøte ein gong i månaden og har 5 planleggingsdagar i løpet av eit barnehage år. Heile personalet møtast til felles informasjon og fagleg drøfting. Evaluering av arbeidet vårt skal vere fast sak på desse møta. Vi tek utgangspunkt i målformuleringa i årsplanen og månadsbreva.

Denne evalueringa legg grunnlaget for mål og planar den neste månaden.

Det blir skreve månadsbrev kvar månad.

Månadsbrev er ein viktig del av evaluering og planleggingsarbeidet i Barnehagen.

Litteraturliste:

Idsøe, Ella Cosmovici & Roland, Pål. (2018). Mobbeatferd i barnehage. Temaforståelse-forebygging-tiltak. Oslo: Cappelen Damm akademiske.

Kunnskapsdepartementet. (2006) Lov om barnehagar(barnehageloven)

Kunnskapsdepartementet. (2007). Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver. Udir.

<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>

Kunnskapsdepartementet. (2021). Rammeplan for SFO: Forskrift om rammeplan for SFO sitt innhold og oppgaver. Udir. <https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/>

Løvlie Schibbye, A-L, Løvlie E. (2017). Du og barnet. Om å skape gode relasjoner med barn. Oslo. Universitetsforlaget

Løge, I.K., Leidland, K., Mellegaard, M.R., Sleveland Olsen, A.H., og Waldeland, T. (2015). Alle med håndbok. Infovest

Melaa, Terje. 2013. Blikk for lek i barnehagen. Starte. Verne. Viderutvikle. (2. utgave). Oslo. Kommuneforlaget AS

Nordhal, Thomas m.fl(2018). Inkluderende felleskap for barn og unge. Ekspertgruppen for barn og unge med særskilt tilrettelegging. Bergen. Fagbokforlaget

Pålerud, Turi.(2018). Se og forstå barn. Vurdering i barnehagen. Bergen. Fagbokforlaget.
Kunnskapsdepartementet. (2007).

Lokal oppvekstplan for Nissedal kommune, 19.06.2025